



## Vågsøy kommune

### Møteprotokoll

### Oppvekst- og kulturutvalg

**Møtested:** Skavøypoll skule

**Møtedato:** 07.06.2016

**Tidspunkt:** 08:30 - 12:30

**Til behandling:** Saksliste nr. 032/16 - 042/16

#### Medlemmer:

SP - Olav Horn (Leder)  
AP - Terese Gjerde (Nestleder)  
FRP - Ronny Mobakken (Medlem)  
H - Linda Vika (Medlem)  
KRF - Dag Almenning (Medlem) fram til kl 10.30  
V - Daniel Gangeskar (Medlem)

#### Varamedlemmer:

H - Stig Arne Solheim (Varamedlem) frå kl 10.30  
TVLV - Even Halsør (Varamedlem)

#### Fra administrasjonen møtte:

Rådmann Knut Ove Leite  
Økonomisjef Norvall Bakke  
Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre

#### Forfall:

TVLV - Malene Lunde Sætren (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 6. Totalt frammøtte: 8

Måløy 07.06.2016

Olav Horn  
Leiar

Dagny-Ann Gangeskar  
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

| Sak nr. | Sakstittel   |  |
|---------|--|--|
| 032/16  | Godkjenning av møteprotokoll                                 |  |
| 033/16  | Oppvekst- og kulturvalet 07.06.2016 - Orienteringssaker      |  |
| 034/16  | Referatsaker   |  |
| 035/16  | Klatrepark i Vågsøy  |  |
| 036/16  | Forvaltningsplan for Moldøen friluftsområde                  |  |
| 037/16  | Kulturmidlar 2016  |  |
| 038/16  | Digitaliseringsstrategi for Nordfjordkommunane 2016 - 2020   |  |
| 039/16  | Symjeopplæringa i Vågsøy kommune for skuleåret 2016/17       |  |
| 040/16  | Økonomimelding I 2016 Vågsøy kommune                         |  |
| 041/16  | Årsavslutning regnskap og Årsmelding 2015 for Vågsøy kommune |  |
| 042/16  | Idrettshall på Vågsøy ungdomsskule                           |  |

Synfaring på Skavøypoll skule kl 08.45 – 09.15:  
Gjennomgang og diskusjon om utbygging og skifte av tak.

Presentasjon av Alternativ språkleg kommunikasjon (ASK) v/Terese Solibakke

Presentasjon av Aktiv smarte barn (ASK), Base for teiknspråk-kompetanse, Positiv atferd, støttende læringsmiljø og samhandling (PALS) og Entreprenørskap v/Randi Almenning Oldeide.

Synfaring i Skavøypoll barnehage kl 10.00 – 11.00



| SAKSGANG                  |            |            |
|---------------------------|------------|------------|
| Styre, råd, utvalg m.m.   | Møtedato   | Saksnummer |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 07.06.2016 | 032/16     |

|   |                        |                                       |
|---|------------------------|---------------------------------------|
| Endelig vedtak i:<br>Oppvekst- og kulturutvalet | Arkivsaknr.:<br>16/660 | Saksansvarlig:<br>Dagny-Ann Gangeskar |
|---|------------------------|---------------------------------------|

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 07.06.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Ingen merknad.

### Votering

Rådmannen si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-032/16

### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll ligg i politikarprotalen under «Mine referater» og på heimesida til Vågsøy kommune.



| SAKSGANG                  |            |            |
|---------------------------|------------|------------|
| Styre, råd, utvalg m.m.   | Møtedato   | Saksnummer |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 07.06.2016 | 033/16     |

|   |                         |                                       |
|---|-------------------------|---------------------------------------|
| Endelig vedtak i:<br>Oppvekst- og kulturutvalet | Arkivsaknr.:<br>15/1433 | Saksansvarlig:<br>Dagny-Ann Gangeskar |
|---|-------------------------|---------------------------------------|

## Oppvekst- og kulturvalet 07.06.2016 - Orienteringssaker

### 07.06.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte om personalsituasjonen og tilsettingar i skulane.

#### Votering

Ingen votering.

OK-033/16

#### Vedtak:

Ingen vedtak.

#### Skriv inn drøftinger her

Tekst



| SAKSGANG                  |            |            |
|---------------------------|------------|------------|
| Styre, råd, utvalg m.m.   | Møtedato   | Saksnummer |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 07.06.2016 | 034/16     |

|  |                               |  |
|--|-------------------------------|--|
| <b>Endelig vedtak i:</b><br>Oppvekst- og kulturutvalet | <b>Arkivsaknr.:</b><br>16/659 | <b>Saksansvarlig:</b><br>Dagny-Ann Gangeskar |
|--|-------------------------------|--|

## Referatsaker

### Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

### 07.06.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite svarte på spørsmål. Elles ingen merknad.

Ref. sak nr 8: Søknad om støtte til Seniorakademiet – må vurderast i samband med den vidare budsjetthandsaminga.

Ref. sak nr 10: Sentrumsparken – Uglefjell, må takast opp i på ny handsaming når Sentrumsplanen er klar.

### Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-034/16

### Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

### Liste over dokumenter til orientering:

| Nr | Dok.ID  | Dok.dato     | Avsender/Mottaker                               | Tittel   |
|----|---------|--------------|---|--|
| 1  | 16/5451 | I 27.04.2016 | Helse Førde HF<br>Administrasjon<br>Fagavdeling | Avtalehefte med<br>samarbeidsavtalar mellom<br>kommunen og Helse Førde |
| 2  | 16/6353 | I 19.05.2016 | Sogn og Fjordane<br>Fylkeskommune               | Vågsøy --delutbetaling av<br>kulturbyggmidlar                          |
| 3  | 16/6215 | I 11.05.2016 | Det kongelige<br>kulturdepartementet            | Høyring om endring i forskrift<br>om stadnamn frist -<br>19.08.2016    |

|    |         |        |            |                                   |   |
|----|---------|--------|------------|-----------------------------------|---|
| 4  | 16/6866 | U      | 30.05.2016 | Prosjektgruppe for skole og bhg   | Møtereferat møte 1<br>27.05.2016              |
| 5  | 16/6348 | I      | 19.05.2016 | Nordplan AS                       | Vurdering påbygg Skram skole                  |
| 6  | 16/5241 | S      | 24.04.2016 |                                   | Skavøypoll skole-utbygging i 2016             |
| 7  | 16/6116 | I      | 11.05.2016 | Vågsøy Røde Kors v/<br>Eli Blålid | Søknad om midler til Vågsøy Røde Kors         |
| 8  | 16/6795 | I      | 27.05.2016 | Seniorakademiet 55+               | Søknad kommunalt bidrag 2016                  |
| 9  | 16/5673 | I      | 02.05.2016 | Måløy handelsforening             | Måløydagene 2016 - søknad om sponsorer        |
| 10 | 16/4471 | I      | 08.04.2016 | Roy S. Husevåg                    | Sentrumsparken - Uglefjell                    |
| 11 | 16/6991 | I      | 31.05.2016 | Kystmuseet i Sogn og Fjordane     | Årsmelding Kystmuseet i Sogn og Fjordane 2015 |
| 12 | 16/7143 | M<br>B | 02.06.2016 |                                   | Møtebok UR 01.06.2016                         |



| SAKSGANG                  |            |            |
|---------------------------|------------|------------|
| Styre, råd, utval m.m.    | Møtedato   | Saksnummer |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 10.05.2016 | 030/16     |
| Formannskap               | 12.05.2016 | 062/16     |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 07.06.2016 | 035/16     |
| Formannskap               | 09.06.2016 | 089/16     |
| Kommunestyre              | 16.06.2016 |            |

|   |                               |   |
|---|-------------------------------|---|
| <b>Endeleg vedtak i:</b><br>Kommunestyret | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/224 | <b>Saksansvarleg:</b><br>Odd Gunnar Myhre |
|---|-------------------------------|---|

## Klatrepark i Vågsøy

### Rådmannen si innstilling

1. Klatreparken vert lokalisert på Måløy stadion.
2. Administrasjonen arbeider vidare med planar om å utvikle sentrumsparken til ein møteplass, her i vidare planlegging av ein mindre klatrepark nummer 2.
3. Det er i prosjekt 4043 klatrepark i Vågsøy, løyvd kroner 750 000. Dette vert auka med kroner 500 000 til kroner 1 250 000, finansiert ved ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.

### 10.05.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre orienterte og svarte på spørsmål.

Utvalet ønsker å utsette saka til neste møte 07.06.2016 og at arbeidsgruppa i samarbeid med utvalsleiar fram til den tid greier nærare ut alternativ 2 i gruppa si innstilling om mulighetane for at andre aktørar vil ta over prosjektet.

Vidare skal arbeidsgruppa og utvalsleiaren vurdere nærare innspel frå Linda Vika-Svård om ei plassering på Moldøen.

«Uteseksjonen sitt område på Moldøen står nå tomt, og det står igjen en hall der. Denne hallen kan benyttes som skatehall innendørs i tillegg til at det bygges klatrepark og en utendørs skatepark

(streetpark) på området. Det er nå 15 år siden første gang pengene var på plass til en skatepark, men den er fortsatt ikke plassert. I år er skateparker et satsningsområde for regjeringen hvor det er lettere å hente penger fra det offentlige.

### **Utdrag fra**

[https://www.regjeringen.no/contentassets/2db68158cc544b7588a0565b86ff8e62/bestemmelser\\_om\\_tilskudd\\_til\\_anlegg\\_for\\_idrett\\_og\\_fysisk\\_aktivitet-v-0732b\\_2015.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/2db68158cc544b7588a0565b86ff8e62/bestemmelser_om_tilskudd_til_anlegg_for_idrett_og_fysisk_aktivitet-v-0732b_2015.pdf)

#### **Utendørs skatepark**

Skateparken skal være avsatt til skateboard (og eventuell annen ikke-motorisert rullende aktivitet). Arealet må tilsvare minst 800 m<sup>2</sup> effektiv kjøreflate i **varig** materiale, for eksempel betong.

Tilskudd: inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr 2 000 000.

Andre størrelser etter særskilt vurdering av departementet.

#### **Skatehall**

Tilskudd: etter særskilt vurdering av departementet.

**Området på Moldøen er stort, og vil kunne bygges videre på med tanke på å til slutt få til et flott utendørs friluftsanlegg med enkel tilkomst for barn, barnefamilier og ungdom både gående og kjørende.**

**En annen fordel er at området er så stort at en har mulighet til å asfaltere et område ved innkjøringen til der gamle uteseksjonen var, og etablere parkeringsplass for hele»**

Utvalet si innstilling er å utsette saka til 07.06.2016

### **Votering**

Utvalet si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-030/16

#### **Vedtak:**

Saka er utsett til 07.06.2016.

## **12.05.2016 Formannskap**

### **Møtebehandling:**

Ingen behandling.

### **Votering**

Ingen votering.

F-062/16

#### **Vedtak:**

Saken utsettes til 09.06.2016.

## **07.06.2016 Oppvekst- og kulturutvalg**

### **Møtebehandling:**

AP v/Terese Gjerde la fram forslag om eit alternativt prosjekt:



1. Ramma som Vågsøy kommune har satt av til prosjektet (NOK 750000) blir nytta til mindre installasjonar i sentrumsområde.
2. Sentrumsplana har allereie peika på slike områder, og vil vere et utgangspunkt, men ikkje vere til hinder for andre område.
3. Administrasjonen legg fram for OK eit forslag etter ramma gitt i punkt 1 når ein har utarbeida dette.»

Framlegg frå H v/Linda Vika-Svård og FRP v/Ronny Mobakken:

«Det blir vist til innspel frå Linda Vika-Svård i møtet i OK\_utvalet 10.05.16. Vidare viser ein til referat dat 30.05.16

1. Klatreparken blir lokalisert til området på Moldøen som uteseksjonen nyttar i dag. Området må omregulerast til fritidsbruk og overordna plan må utarbeidast for framtidig bruk.
2. Som rådmann si innstilling.
3. Som rådmann si innstilling.»

## Votering

Første votering på AP v/Terese Gjerde sitt forslag 3 stemmer for og 4 stemmer mot.

Alternativ votering på rådmann si innstilling opp mot forslag frå H v/Linda Vika-Svård og FRP v/Ronny Mobakken vart vedtatt med 6 røyster for og 1 mot.

OK-035/16

## Vedtak:

1. Klatreparken blir lokalisert til området på Moldøen som uteseksjonen nyttar i dag. Området må omregulerast til fritidsbruk og overordna plan må utarbeidast for framtidig bruk.
2. Administrasjonen arbeider vidare med planar om å utvikle sentrumsparken til ein møteplass, her i vidare planlegging av ein mindre klatrepark nummer 2.
3. Det er i prosjekt 4043 klatrepark i Vågsøy, løyvd kroner 750 000. Dette vert auka med kroner 500 000 til kroner 1 250 000, finansiert ved ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.

## Bakgrunn for saka

Administrasjonen har lagt fram sak om etablering av klatrepark ved to høve. Første gong sak vart lagt fram var det med tilråding om å etablere klatreparken på leikeplassen sør for brannstasjonen mellom gate 2 og gate 3. Dette er det mest sentrumsnære alternativet som er regulert til formålet. Det var ynskje om å ha klatreparken meir sentrumsnært og det vart gjort vedtak om at den skulle plasserast i parken ovanfor postkrysset. Naboar klaga vedtaket inn for Fylkesmannen og fekk medhald slik at vi måtte starte prosessen med å finne anna lokalisering. Administrasjonen la fram saka på nytt med forslag om å etablere klatreparken på Måløy Stadion. Det vart gjort følgjande vedtak i sak 139/15 i formannskapet 19.11.2015:

«1. Lokalisering av klatreparken vert utsett. Det vert nedsett ei nemnd for å vurdere aktuelle sentrumsnære tomtealternativ.

Desse vert valde: Terese Gjerde (leiar), Linda Vika og Ronny Mobakken.

Tilråding frå nemnda blir å legge fram i Oppvekst- og kulturutvalet innan første halvår 2016.

2. Som rådmannen si innstilling i pkt 2. «Det er i prosjekt 4043 klatrepark i Vågsøy løyvd kroner 750 000. Dette vert auka med kroner 500 000 til 1 250 000 kroner, finansiert ved ubrukte lånemidlar frå tidlegare år»

3. Gjennomføring av prosjektet vert teken stilling til i samband med utarbeiding av Økonomiplan 2016-2019.»

## **Saksopplysningar / fakta**

Gruppa som vart sett ned har utarbeidd eit notat som ligg ved saka, i notatet skisserar gruppa to alternativ:

### Alternativ 1

«Tomt mellom gate 2 og 3, sør for brannstasjonen: Gruppa ser derfor tomta sør for brannstasjonen mellom gate 2 og 3 som einaste mulegheit for klatreparken. Vidare ynskjer gruppa å foreslå at om ein ønskjer å gå for tomta sør for brannstasjonen, vil vi tilrå å legge dyrare underlag. Det same underlaget som vart foreslått på stadion. Dette er dyrare (var anslått til 400 000 kr), men er vedlikehaldsfritt og vil gjere området universelt utforma.»

### Alternativ 2

«Tilby andre å byggje klatrepark

T.d- private/organisasjonar for allmenn bruk. Dei må sjølv søkje om tippemidlar og stå for finansiering sjølve, eventuelt med noko tilskot frå kommunen. Gruppa meina at det er stort behov for leikeareal for barn i sentrum. Om ein ikkje ønskjer å byggje klatreparken, ønskjer gruppa at ein bruka delar av pengane som allereie ligg inn i budsjettet til formålet, til kjøp av leikestativ i sentrum. Her tenkjer ein til dømes torget, parken , utanfor Heradsheim etc. Ein vil då ikkje få tippemiddelfinansiering, men et vil ikkje bli så kostbart for kommunen som ein klatrepark vil bli».

«Arbeidsgruppa som vart sett ned anbefaler alternativ 2. Arbeidsgruppa ynskjer at innspel til alternative plasseringar skal kome inn til arbeidsgruppa.»

## **Vurdering / konsekvensar**

Det er viktig å gjere seg opp ei meining om kva ein vil med dette prosjektet, kva er målet? Er målet å leggje til rette for meir aktivitet blant barn og unge eller er målet å få eit meir attraktivt sentrum? Klarer vi begge delar?

Slik saka no står har kommunen desse alternativa:

- A. Avslutte prosjektet og takke nei til gåva på 250 000 kroner frå Sparebankstiftinga til etablering av klatrepark.
- B. Starte ein prosess med å finne eit lag/organisasjon ev. andre som vil ta over prosjektet.
- C. Avgjere lokalisering i samband med områderegulering av Måløy sentrum.
- D. Ta ei avgjersle om lokalisering av klatreparken.

### **A. Avslutte prosjektet.**

Det har vore utfordrande å finne ei sentrumsnær tomt til klatreparken, og prosjektet har blitt forholdsvis kostbart. Vågsøy kommune kan takke nei til gåva frå Sparebankstiftinga til klatrepark.

### **B. Arbeide vidare med å finne eit lag/organisasjon som vil ta over prosjektet.**

Arbeidsgruppa ynskjer å gå for dette alternativet. For å identifisere kven som vil kunne ta på seg dette prosjektet må kommunen opplyse lag og organisasjonar, bygdelag, velforeiningar og private om at dette er eit alternativ. Arbeidsgruppa skissere og at kommunen kan bidra økonomisk i eit slikt prosjekt. Det må då avklarast kor stort dette bidraget eventuelt skal vere.

Arbeidsgruppa ynskjer å få innspel frå lag/organisasjonar/private på plassering for å ta ei avgjersle på kva dei skal arbeide vidare med. Då må det utarbeidast kriterier for kva som skal vektleggjast i eit samarbeid slik at ein kan skilje eventuelle interesserte. Ein slik prosess vil vere krevjande og vil ta tid, og kan ende med at vi ikkje får noko resultat. Det er ikkje mange lag eller organisasjonar som har økonomi eller kapasitet til å ta på seg eit slikt prosjekt.

### **C. Avgjere lokalisering i samband med områderegulering.**

Lokalisering av klatreparken vert spelt inn i prosessen med områderegulering for Måløy sentrum. Eit sentrumsnært område på minimum 250 kvadratmeter må setjast av til formålet. Det er ei utfordring at kommunen eig lite areal i sentrum og at det kan vere utfordrande å få nytte private eigedomar til slikt formål.

### **D. Ta ei avgjersle om lokalisering av klatreparken.**

Det har vore diskutert å nytte sentrumsparken, torget, parkeringsareal i sentrum og private eigedomar i sentrum. Dette har også arbeidsgruppa sett på utan å kome med eit godt alternativ. Dersom vi skal byggje klatreparken no må vi finne areal litt lenger vekk frå Måløy sentrum. Dei tomtene som er skisseret i tidlegare saker kan vere aktuelle plasseringar.

Tomta i mellom gate 2 og 3 vil vere det dyrast alternativet av dei to tomtene sidan tomta er bratt og det vil vere trong for å planere tomte før bygging av klatreparken. Det er godt med parkeringsareal i nærleiken og den ligg i kort avstand frå Skram skule, Skramsmarka barnehage og torget. Likevel er den så langt frå sentrum at den nok vil ha lite innverknad som eit innslag for å skape meir aktivitet i sentrum.

Rådmannen vurderar Måløy stadion som det beste alternativet om vi skal etablere klatrepark no. Tomta er flat og det er såleis minimalt med kostnader til grunnarbeid. Vågsøy kommune eig grunnen og det er regulert til formålet. Det er til tider stor aktivitet i området med kunstgrasbane, anlegg for friidrett og turløyper, og det er ein barnehage like ved. Ved å legge det der vil ein utvikle idrettsanlegget og området rundt til å bli ein møteplass for idrett og eigenorganisert aktivitet. Den vil ikkje ha noko innverknad i forhold til å skape eit meir attraktivt sentrum.

#### Kort om vilkår for tilskot frå Sparebankstiftinga og tippemidlar:

Bakgrunnen for utforminga kjem av ein teiknekonkurranse i regi av Sparebankstiftinga der vinnaren hadde teikna eit klatrefjell og ei klatreløype av blyantar. Det skal vere ein gjenkjennelse i alle anlegga som vert etablert i Sogn og Fjordane. Ordninga med klatreparkar har vore godt teke i mot i fylket og Sparebankstiftinga har starta med å gje tilskot til «Klatrepark nr 2» i enkelte kommunar. Her er tilskotet frå stiftinga halvert til 125 000 kroner. I samtale med fylkeskommunen så kan det vere at vi kan få redusert arealet frå minimum 250 kvadratmeter til minimum 150 kvadratmeter til klatrepark nr 2.

Anlegget må godkjennast som nærmiljøanlegg for å få tippemidlar, det vert ikkje gitt midlar til frittstående element, dei må inngå som ein del av ein klatrepark.

Nokre leverandørar har fått «godkjent» sine anlegg som klatreparkar og har tilpassa seg vilkåra frå Sparebankstiftinga. Dersom vi skal lage egne variantar av klatreparken så må vi avklare både med fylkeskommunen og med Sparebankstiftinga at vi får tilskot.

#### Sentrumsparken

Det er viktig å få til ein møteplass i sentrum men det treng ikkje nødvendigvis å vere ein klatrepark. Avdeling for plan og utvikling er i gang med å sjå på eit prosjekt for sentrumsparken og der har dei skissert at om lag 50 kvadratmeter kan nyttast til leikeapparat eller liknande. Eit notat om dette ligg ved saka.

### Økonomi

Mange kommunar har opplevd å få anbod som ligg mykje over dei tilboda som var henta inn i starten av prosjektet. Grunnen til dette er samansett. Vi har og hatt ei anbodsrunde som vi måtte avlyse på grunn av at vi ikkje fekk på plass grunnspørsmålet. Der og var anbodet noko høgare enn det som vi hadde henta inn pris på i samband med utarbeiding av saksdokumentet.

Vi bør velje å bruke heilstøypt fallunderlag i anlegget. Det vil føre til at det er mindre behov for vedlikehald. Det vil koste om lag 400 000 kroner meir å legge heilstøypt fallunderlag enn å bruke til dømes bark. Dette vil vere ekstra viktig dersom ein skal plassere den tett opp til løpebana på Måløy stadion på grunn av at barken vil kunne bli blåst utover løpebana. Ved å velje denne type underlag vil vi få eit meir universelt utforma anlegg der til dømes dei med som brukar rullestol kan bevege seg inn i parken. Anlegget vil også vere lett tilgjengeleg frå parkeringsplass.

Det finst fleire tilbydarar av klatreparkar og dei har ulike system/måtar for å montere opp parken. Området på Måløy stadion er plant og grunnarbeidet vil derfor vere billegare enn å etablere anlegget på ei tomt som ligg i skrått terreng.

Investeringsprosjekt«4043 Klatrepark i Vågsøy» er i dag godkjent innafor ei investeringsramme på kroner 750.000 eks. mva. Finansierast med kroner 250.000 i tilskot og kroner og 500 000 i ubrukte lånemidlar frå tidlegare år. I økonomiplanen leggst det inn utbetaling av spelemidlar i 2017 med tilsvarande tilbakeføring av låneopptak.

For å få minst mogleg vedlikehald og hindre at fallunderlag bles utover så bør vi velje heilstøypt fallunderlag i klatreparken. Investeringsramma må då aukast opp frå 750 000 kroner til 1 250 000 kroner.

### Finansiering:

|                                    |                         |
|------------------------------------|-------------------------|
| Tilskot frå Sparebankstiftinga     | 250 000 kroner          |
| Tippemidlar                        | 300 000 kroner          |
| <u>Eigenkapital Vågsøy kommune</u> | <u>700 000 kroner</u>   |
| <u>Totalt</u>                      | <u>1 250 000 kroner</u> |

Det betyr at bruken av dei ubrukte lånemidlane må aukast opp frå 500 000 til 1 000 000. Når spelemidlane vert utbetalt vil det bli ei tilbakeføring av låneopptak.

Rådmannen tilrår at klatreparken vert etablert på Måløy stadion med fast fallunderlag. Ramma på prosjektet vert auka opp frå 750 000 kroner til 1 250 000. Administrasjonen arbeider vidare med planen om å rehabilitere sentrumsparken og ser på moglegheita for å etablere klatrepark nr 2 der.

### Vedlegg:

|        |  |
|--------|--|
| Dok.nr | Tittel på vedlegg                          |
| 185782 | Klatrepark - Innspel frå arbeidsgruppa     |
| 191029 | Notat om klatrepark - sentrumspark         |
| 193392 | Referat frå møte ang klatrepark 24.05.2016 |
| 193500 | Scannet dokument fra Vågsøy kommune        |
| 193501 | img-531093555-0001.pdf                     |

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottaker</b>               | <b>Tittel</b>  |
|-----------|----------|-----------------|--|--|
| 11        | U        | 30.01.2015      | Vågsøy kommune/v<br>plan og utvikling  | Søknad om dispensasjon - etablering av<br>klatrepark   |
| 12        | I        | 03.02.2015      | Vågsøy kommune                         | Mangelfull søknad - dispensasjon frå<br>reguleringsplan gbnr 115/52 og 115/263 -<br>etablering av klatrepark |
| 13        | U        | 03.03.2015      | Vågsøy kommune v/<br>plan og utvikling | Tilleggsopplysningar dispensasjonssøknad gbnr<br>115/52 og 115/263 - klatrepark                              |
| 17        | X        | 02.05.2016      |  | Notat om klatrepark - sentrumspark   |
| 20        | I        | 31.05.2016      | Olav Horn                              | Forslag til vedtak om klatrepark - Moldøen   |
| 19        | I        | 31.05.2016      | Olav Horn                              | Forslag til vedtak   |



| SAKSGANG                  |            |            |
|---------------------------|------------|------------|
| Styre, råd, utval m.m.    | Møtedato   | Saksnummer |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 07.06.2016 | 036/16     |
| Formannskap               | 09.06.2016 | 078/16     |
| Kommunestyre              | 16.06.2016 |            |

|   |                               |   |
|---|-------------------------------|---|
| <b>Endeleg vedtak i:</b><br>Kommunestyret | <b>Arkivsaknr.:</b><br>13/644 | <b>Saksansvarleg:</b><br>Odd Gunnar Myhre |
|---|-------------------------------|---|

## Forvaltningsplan for Moldøen friluftsområde

### Rådmannen si innstilling

Forvaltningsplan for det statleg sikra friluftsområdet Moldøen vert oppdatert med innspel gitt av Fylkesmannen i brev datert 02.05.2016 og brev datert 26.05.2016.

- Planen vert sendt til Fylkesmannen for endeleg godkjenning.
- Vedlegg 1, Utgreiing av relevante interesser og verdiar i friluftsområdet på Måløyyna (Moldøen, Broparken), vert del av sjølve planen.
- Ny avtale for bruk av området mellom VK og MDG vert utarbeidd med bakgrunn i forvaltningsplanen.
- Det vert utarbeidd kart som viser grillområder og større buffersone for nabo og kulturminne.
- Oppdatert kart over disc golf bana skal ligge som vedlegg til forvaltningsplanen.

### 07.06.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Leiar ønsker ei synfaring på Moldøen friluftsområde før planen vert vedtatt. Vedtak av planen utsett til etter synfaring tidlig på hausten. Fylkesmannen vert invitert til synfaringa.

#### Votering

Leiar sitt forslag om å utsette saka vart samrøystes vedtatt.

OK-036/16

#### Vedtak:

Saka er utsett til hausten 2016 – etter at synfaring er gjennomført.

### Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lov om rettshøve mellom grannar (grannelova).

Avtale mellom Vågsøy kommune og Måløy Disc Golf i samband med etablering og drift av anlegg for discgolf i det statleg sikra friluftsområdet FS00000408.

## Bakgrunn for saka

I samband med etablering og drift av anlegg for disc golf i det statleg sikra friluftsområdet Moldøen vart det i 2013 inngått ei avtale mellom Måløy disc golf (MDG) og Vågsøy kommune (VK). Administrasjonen peika på fleire avtalebrot i sak 073/15 som vart lagt fram for formannskapet den 07.06.2015. Formannskapet gjorde følgjande vedtak i sak 073/15:

«Vågsøy kommune går i dialog med Måløy Disc Golf og Fylkesmannen for å utarbeide ny justert avtale for bruk av friluftsområdet Moldøen.

Følgjande punkt må takast inn i avtalen mellom Vågsøy kommune og Måløy Disc Golf:

- MDG skal ikkje ha organisert aktivitet etter klokka 22.00.
- Motoriserte hjelpemiddel skal ikkje nyttast etter klokka 22.00 på kvadagar og etter klokka 18.00 på laurdagar. På søndagar skal dei ikkje nyttast i det heile.
- Det må avklarast med fylkesmannen i kva grad ein kan bruke motoriserte hjelpemiddel til å slå gras på området.
- Det må avklarast med Fylkesmannen i kva grad kunstgras kan nyttast i friluftsområdet.
- Tekst på informasjonstavla bør vere på fleire språk.»

Fylkesmannen har pålagt VK å utarbeide forvaltningsplan for Moldøen.

## Saksopplysningar / fakta

Kommunar som har utarbeidd forvaltningsplaner for statleg sikra friluftsområde vil kunne søkje om midlar til skjøtsel og til andre tiltak innanfor friluftsområdet. I planen er det sett opp ein del tiltak for å gjere området meir attraktivt. Tiltaka er tenkt gjennomført i perioden 2017 – 2021 og går i hovudsak ut på å få betre tilkomst til området ved å etablere parkeringsplass, lage til stiar/vegar, skilting/formidling av området, og setje i stand området rundt minnesmerke/bautaen. Desse tiltaka er skildra i sjølve planen.

Det statleg sikra friluftsområdet gjeld området sør for brua. Området som er nord for brua, og som i hovudsak består av kulturmiljø etter den gamle handelsstaden, er og omtala då det er naturleg å ta det med i planen.

Etter vedtaket i formannskapet i sak 073/15 vart det etter ynskje frå Fylkesmannen gjennomført ei synfaring på Moldøen. Desse var invitert: Sogn og Fjordane fylkeskommunen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, naboar, Måløy Disc-golf, Vågsøy kommune og stiftinga Måløyraidsenteret.

Synfaringa viste at det er mange interesser knytt til området, Vågsøy kommune engasjerte firmaet Rådgjevande Arkeologar til å utarbeide forvaltningsplanen.

Forvaltningsplanen er inndelt i 3 delar.

- Dokumentet «Forvaltningsplan for statleg sikra friluftsområde».
- Vedlegget; Utgreiing av relevante interesser og verdier i friluftsområdet på Måløyna (Moldøen, Broparken).
- Oversynskart over Moldøen

Planen har vore ute på offentleg ettersyn og det er kome nokre innspel:

- Stiftelsen Måløyraidsenteret
- Reidun Jensen (nabo)

- Arek Zielinski (nabo)
- Måløy Disc Golf
- Seniorakademiet 55+ v/Laila Schult
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, (to brev)

Alle innspel ligg ved saka. Innspel frå Fylkesmannen vil vi ta særskilt omsyn til då fylkesmannen opptretr som grunneigar for området.

Vidare saksutgreiing vil spesielt ta føre seg desse problemstillingane:

- Buffersone nabo og kulturminne
- Omfang av installasjonar knytt til disc-golf aktiviteten
- Installasjonar i tilknytning til krigsminner

### **Buffersone nabo og kulturminne.**

I planen som vart lagt ut på høyring var det skissert ei buffersone for naboane mot aust. Tanken med buffersona er å skjerme naboar litt frå aktiviteten ved at det ikkje vart sett opp installasjonar knytt til disc-golf aktiviteten i denne buffersona. I innspel frå nabo kjem det fram at dei opplever ulemper som mellom anna støy og innsyn. Det er og peika på fara for å bli treft av frisbee i eigen hage. Reidun Jensen skriv i sitt innspel til planen:

*«Alle tre naboer/familie har opplevd å få discer på eiendomen sin, på veien foran husene, i husveggen, på terrassen, i hagen, sprukne bilrute, en disc har nær truffet en voksen i hodet, og også et lite barn ble nær truffet av en disc. Discene har kommet fra alle ulike retninger rundt husene våre. De blir kastet med stor kraft».*

Det er kome innspel frå to av naboane som ynskjer at disc-golf aktiviteten vert redusert. Reidun Jensen har skissert eit forslag til buffersone i sitt innspel:

*«Vi krever en buffersone som denne; område nord for KM1 og KM2, område KM 1,2,3,5,6,7,8,10,11, samt en stor del av området mellom KM7 og KM12, bak husene våre».*

Fylkesmannen viser til at dei er representant for grunneigar og at det er Fylkesmannen som er ansvarleg for at nabolova vert følgd. Fylkesmannen krev at buffersona vert utvida og at den bør endre namn til buffersone nabo og kulturminne:

*«Buffersona for naboar må utvidast til å omfatte KM10 og KM11 og ei sone på 10 meter rundt desse kulturminna. Buffersona må omfatte eit område vest for bustadane, og må gå 10 meter lenger vest enn eigedomsgrensa mellom det statleg sikra friluftsområdet og gbnr. 106/1 og 9. Namnet på sona bør endrast til buffersone nabo og kulturminne»*

Fylkesmannen viser til §2 i lov om rettshøve mellom grannar (grannelova):

*§ 2. Ingen må ha, gjera eller setja i verk noko som urimeleg eller uturvande er til skade eller ulempe på granneeigedom. Inn under ulempe går òg at noko må reknast for farleg.*

*I avgjerda om noko er urimeleg eller uturvande, skal det leggjast vekt på kva som er teknisk og økonomisk mogeleg å gjera for å hindra eller avgrensa skaden eller ulempe. Det skal jamvel takast omsyn til naturmangfaldet på staden.*

*I avgjerda om noko er urimeleg, skal det vidare leggjast vekt på om det er venteleg etter tilhøva på staden og om det er verre enn det som plar fylgja av vanlege bruks- eller driftsmåtar på slike stader.*



*Jamvel om noko er venteleg eller vanleg etter tredje stykket, kan det reknast som urimeleg så langt som det fører til ei monaleg forverring av brukstilhøva som berre eller i særleg grad råkar ein avgrensa krins av personar.*

Bufferzona for nabo og kulturminne fører til at nokre utkast må flyttast litt, dette kan gjelde utkast 2, 5, 9 og 26. Meir nøyaktige målingar må til for å finne ut dette.

### **Omfang av installasjonar knytt til disc-golf aktiviteten**

Bana som var etablert i 1987 var på 13 korgar, det vart i 2013 gitt løyve til å sette opp ei bane med 20 korgar. Det er no sett opp 27 korgar og 27 utkastskilt + 9 utkastskilt for alternativ/enklare kast. På synfaringa som formannskapet hadde i samband med sakshandsaming førre gong vart det gitt uttrykk for at bana kunne utvidast. Fylkesmannen har teke omsyn til dette og tillater 20 korgar og 29 utkastskilt innanfor det statleg sikra friluftsområdet. I tillegg er det 7 korgar i området som ikkje er innafør det statleg sikra området.

Fylkesmannen har opna for bruk av kunstgras ved utkast: «*Det er berre tillate med 2 kvadratmeter kunstgras per utkastskilt, det er ikkje tillate med kunstgras elles i området*».

I avtalen frå 2013 var det lagt ein del føringar/krav til etablering av bana. Mange av desse krava har det ikkje vore teke omsyn til når bana vart etablert. MDG har utvida bana og brote ein del av føresetnadane som var sett i avtala. Dette vart det peika på i saka som var lagt fram 04.06.2015.

Forvaltningsplanen legg opp til at MDG kan nytte heile området til disc-golf og det er færre restriksjonar i forhold til aktiviteten med tanke på kryssing av stiar og liknande. Vågsøy kommune har ikkje motteke andre klager frå brukarar av området enn det som er kome fram i tidlegare saker og som det vert lagt fram her.

MDG har i samband med etableringa av bana sett opp nokre skilt som viser kvar ein kan kaste (Mandatory) skilt og etablert nokre soner ved hjelp av tau som indikerer OB soner. Desse har vi fått avklart kan stå dersom dei er utanfor bufferzona.

### **Innstillinger i tilknytning til krigsminner/kulturminner**

I avtalen som vart signert i 2013 sto følgjande: «*Det må takast omsyn til at det er mange kulturminne på Moldøen. Etablering av anlegget må ikkje kome i konflikt med desse. Det skal ikkje monterast skilt eller korgar i tilknytning til kulturminna*».

Det er sett opp to installasjonar i krigsminna KM7 og KM6.

Ei korg har blitt montert opp i kanonstilling KM6. Stiftinga Måløyraidsenteret og MDG har i følgje innspel kome til einigheit om at det kan brukast ei korg som er mobil. Denne skal takast vekk når det ikkje vert spelt disc-golf. Fylkesmannen har godteke dette.

I tillegg er det lagt kunstgras i ein sirkel rundt den korga. Fylkesmannen har ikkje godkjent dette: «*Det skal ikkje stå installasjonar knytt til disc-golf i krigsminna KM1 -11: korgar, skilt, kunstgras eller anna. Innafor KM6 er mobil korg tillate.*»

Det er montert opp eit utkastskilt i KM7. I samtale med Terje Sølvberg i stiftinga Måløyraidsentert har dei ingen innvendingar mot at dette skiltet står men fylkesmannen har ikkje gitt tillatelse til dette. Stiftinga har heller ikkje noko imot at kunstgras vert liggande i KM6, men det er heller ikkje gitt løyve til dette av Fylkesmannen.

I uttalen til Måløyraidsenteret står det at dei ynskjer at området rundt bautaene skal vere fritt for korgjer. Eit utkastskilt vart flytta på i samråd med stiftinga Måløyraidsenteret. Fylkesmannen ynskjer at det skal vere ei buffersone omkring bautaer og minnesmerke på 10 meter. Det betyr at utkastskilt 5 må flyttast.

## Vurdering / konsekvensar

Rådmannen registrerar at det er politisk ynskje om å legge til rette for Disc Golf aktivitet på Moldøen. Ei buffersone slik Reidun Jensen skisserer vil legge band på eit stort område og ut frå dei signal som MDG har gitt vil det i praksis bety at dei må legge ned aktiviteten på Moldøen.

Ved å opprette ei buffersone for naboane og kulturminne så vil ein kunne avgrense noko støy/innsyn sjølv om dette er langt mindre enn det som Reidun Jensen kom med forslag om.

Forvaltningsplanen må endrast i tråd med føringar gitt frå Fylkesmannen og sendast til godkjenning hjå Fylkesmannen. Vågsøy kommune har verken politisk eller administrativt høve til å gje løyve til bruk av området ut over det som er fastsett i forvaltningsplanen utan godkjenning frå Fylkesmannen.

I planen kjem det tydeleg fram at verdiane til krigsminna skal vege tyngst ved eventuelle framtidige brukskonfliktar og at det då er MDG som må tilpasse seg.

Forvaltningsplanen vil få ein del konsekvensar for MDG, mellom anna desse:

- Utkast 2,5,9 og 26 må målast opp og eventuelt flyttast ut av buffersona.
- Korg 4 må målast opp og eventuelt flyttast om den er innanfor buffersona.
- Korg 20 i KM6 blir ei mobil korg som kan setjast opp ved bruk.
- Kunstgras i KM6 må fjernast.
- Utkastskilt i KM7 må flyttast ut av kanonstillinga.
- Kunstgras på utkast kan maksimalt vere på 2 kvadratmeter.

I samtalen med Terje Hamre (MDG) vil dei vurdere å legge ned innsatsen sin om det vert store endringar i bana. MDG har over fleire på lagt ned mykje arbeid i å opparbeide disc-golf bana og resten av friluftsområdet.

Vågsøy kommune har vore i dialog med Fylkesmannen og Fylkesmannen opplyser at dei står fast på sine krav sett til forvaltningsplanen gjennom sine innspel.

Rådmannen tilrår at Forvaltningsplan for det statleg sikra friluftsområdet Moldøen vert oppdatert med innspel gitt av Fylkesmannen i brev datert 02.05.2016 og brev datert 26.05.2016.

- Planen vert sendt til Fylkesmannen for endeleg godkjenning.
- Vedlegg 1, Utgreiing av relevante interesser og verdier i friluftsområdet på Måløyna (Moldøen, Broparken), vert ein del av sjølve planen.
- Ny avtale for bruk av området mellom VK og MDG vert utarbeidd med bakgrunn i forvaltningsplanen.
- Utarbeide nytt kart som viser grillområder og større buffersone for nabo og kulturminne.

### Vedlegg:

| Dok.nr | Tittel på vedlegg  |
|--------|--|
| 193809 | Plankart Moldøen 23.02.2016.PDF  |
| 189086 | Forvaltningsplan Moldøen (Broparken)A.pdf  |
| 193971 | Forvaltningsplan Moldøen (Broparken) B.pdf   |
| 191062 | Vågsøy kommune - offentleg ettersyn av forvaltningsplan for Moldøen friluftsområde - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.pdf |
| 193145 | Tillegg til brev om vurdering av framlegg til forvaltningsplan for det statleg sikra friluftsområdet på Moldøen -        |

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
193656 Kommentarer og innspill til forvaltningsplan for statlig sikra friluftsområde Moldøen 2016-2021 fra nabo Reidun Jensen  
191848 Innspill til forvaltningsplan Moldøen friluftsområde - fra naboArek Zielinski  
191129 Merknader til forslag til forvaltningsplan for friluftsområde Moldøen fra Måløy Disc Golf  
191131 Innspill til plan for friluftsområde Moldøen fra stiftinga Måløyraidsenteret  
191851 Moldøen plan - Innspill fra Seniorakademiet 55+  
193916 Moldøen



| SAKSGANG                  |            |            |
|---------------------------|------------|------------|
| Styre, råd, utval m.m.    | Møtedato   | Saksnummer |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 07.06.2016 | 037/16     |

|  |                               |   |
|--|-------------------------------|---|
| <b>Endeleg vedtak i:</b><br>Oppvekst- og kulturutval | <b>Arkivsaknr.:</b><br>16/324 | <b>Saksansvarleg:</b><br>Odd Gunnar Myhre |
|--|-------------------------------|---|

## Kulturmidlar 2016

### Rådmannen si innstilling

Oppvekst- og kulturutvalet fordelar kulturmidlane for 2016 slik:

| Søkar                      | Tildeling      |
|----------------------------|----------------|
| Skavøypoll Idrettslag      | 11000          |
| Tornado Måløy FK           | 11000          |
| Måløy Idrettslag           | 11000          |
| Ytre Nordfjord bueskyttere | 8000           |
| Vågsøy klatreklubb         | 7000           |
| Hei og Hå 4H               | 7000           |
| Måløy LAN                  | 5000           |
| Bryggja Idrettslag         | 5000           |
| Almenning idrettslag       | 5000           |
| Bryggja skulekorps         | 5000           |
| Raudeberg skulemusikkorps  | 5000           |
| Skram skoles musikkorps    | 5000           |
| Skavøypoll skulemusikkorps | 5000           |
| Bryggja skyttarlag         | 5000           |
| Måløy soul children        | 5000           |
| <b>TOTALT</b>              | <b>100 000</b> |

### 07.06.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre svarte på spørsmål.

#### Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-037/16

#### Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet fordelar kulturmidlane for 2016 slik:

| <b>Søkar</b>               | <b>Tildeling</b> |
|----------------------------|------------------|
